

# Ordskilde

SEND INNLEGG TIL:  
post@sunnmoringen.no

Maks lengde for  
debattinnlegg  
medrekna  
mellomrom  
er 3.500 teikn

TIPS OSS: telefon 70 26 11 22 e-post: post@sunnmoringen.no sms og mms: 95 14 52 84

## Riving av stasbygg er avleggs!

Før eg startar dette innlegget vil eg få lov til å understreke at eg skriv det av omsyn til Kulturminnevernet, og fordi eg er overtydd om at dette er til det beste for Hellesylt og 62nord si satsing på Hellesylt. Eg ynskjer alle som vil satse på Hellesylt velkomne. Aktivitet skaper aktivitet, og turistar er ein fornybar ressurs, det er nok til alle, det handlar berre om marknadsføring. Som 5. generasjon turistvert/guide i familien, med fartstid frå Norwegian Cruise Line, og som innehavar av Villa Norangdal vil eg gjerne kome med innspel i den fråverande debatten om Grand Hotell Hellesylt.

2 år før Ålesund brann, i 1902, flytte Kristen Stadheim Tryggestad Hotell (frå 1876) og eit anna hotell, ned på Grandneset, og skjøtte dei saman til Grand Hotell Hellesylt. Kristen Stadheim var ein driftig Sunnmøring, nett ein slik type vi på Sunnmøre liker å fortelje om. Han forhandla om ilandstigningsavgift på Grandbrygga med offiserane til Keiser Wilhelm II. Dronning Wilhelmina av Nederland deltok i bryllaup på hotellet hans. Hellesylt var ei klassisk strandbygd, der all aktivitet og sentrum vaks fram kring kaia og båtrafikken. Postopneri, landhandel, forskjellige verkstader, slakteri og meieri. Og hotell. Hellesylt var eit knutepunkt med stor trafikk. Etter kvart var det dei 4 døtrene; systrene Stadheim som tok over drifta av Grand hotell. Dei hadde mellom anna peisestove, og damesalong i det ærverdige bygget med dei flotte utskjeringane mellom store lauvtre nede ved fjorden. Slaktaren kom med dei beste kalvesteikene og ryper til systrene, og fekk ei importpils på trappa ved kjøkkenet. I kjellaren med dei fantastiske murane hadde dei flisolert ishus, med is frå fossen. Systrene dreiv nett slik vi liker å snakke om i dag, med kortreist lokalmat. Dei hadde kvar sine oppgaver i drifta, og her var mykje tungt arbeid. Alt av lenty vart kokt ved fossen, og rulla i store ruller. Systrene lærte tidleg «å spare frå lokket». I Grandkjel-



HELLESYLT: Grand hotell på femtitalet.

laren veit vi at industrigrunder Lars Ringdal hadde den fyrste verkstaden sin. Der er mykje historie og atmosfære i bygget, og naturleg nok er Grand Hotell oppført i «Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi» hjå Fylket. Her kan ein lese at Grand Hotell har verneverdi fordi det er «eit av få bevarte trehotell i fylket».

Geirangerfjorden fekk verdsarvstatus i 2005, ikkje berre for dramatisk vakker natur, men «Restar av eldre, no for det meste nedlagde gardsbruk og stølar, tilfører det dramatiske naturlandskapet ein kulturell dimensjon som utfyller og aukar den samla verdien av området» som det står å lese på nettsida «Verdsarv – vestnorsk fjordlandskap». På same måten tilfører historia om familien Stadheim og kulturminnet Grand Hotell ein dimensjon til Hellesylt, som ein ikkje bør rive.

Alle lo då Per Ola Ratvik sette i gong sitt restaureringsprosjekt,

Hotell Union på Øye. Det var på 80-talet, og svært få såg botevovon for eit slite hotell, som no er 62nord sitt fremste smykke. Verre var det då eg sette i gong med Villa Norangdal, galskap – huset er kondemnabelt var omkvedet den gongen. Svært få hus er kondemnabile. Driftige Sunnylvingar har teke vare på bedehus og skulehus. Bokhandelen, arkitektheikna funkis frå 1948, er redda. Fleire eldre trehus i sentrum har blitt restaurerte. Eg trudde trenden var snudd!

Hadde Grand Hotell hatt status som freda, då kunne eg vore einig i at det var vanskeleg å sjå for seg vidare drift. Det er det ikkje, grunna dei mange endringane som naturlegvis har vore gjort med åra. Sjølv sagt har det vore gjort endringar gjennom åra, men det gjer ikkje bygget mindre verneverdig. Det er 11 år sidan vi opna Villa Norangdal, og det var ikkje enkelt. Men teknologien har gått framover. Vi veit at det let seg gjere å kombinere gamalt og nytt. Vern gjennom

bruk seier vi i dag og tenkjer med anger på fleire tapte stasbygg. Når ein har kapital til å prosjektere til 100 mill. NOK, har ein vel råd til å ta vare på Kulturarven?

Normalt når ein tillèt riving av kulturminne er det av samfunnsmessige omsyn. At ein skal ha på plass kritisk infrastruktur som td veier, bruer eller andre allmenntillegte tiltak. Det er ikkje tilfellet her. Miljøargumentet er eg heller ikkje sikker på om eg kjøper. Det er svært sjeldan at riving av eksisterande bygningsmasse kjem ut med positiv CO2-rekneskap.

No er det framleis ikkje lagt fram teikningar, eller fremja byggjesak, men det er beskrive eit konsept: Base Camp Hotell, med enklare standard mynta på friluftslivet. Eg vil tillate meg å påpeike at eg har tvil om at Grandneset eignar seg som tomt for eit naturbasert konsept, i alle fall slik eg assosierer det med omgrepet Base Camp. Dei langt fleste gjestene som vil

reise i Outdoor/Adventure/Base Camp segmentet, vil nok ikkje forvente å bli lokaliserte mellom ei cruisekai og ei ferjekai med stor busstrafikk. Sjølv om ferjekaia skulle bli flytta slik reguleringsplanen tilseier, så kjem ein ikkje bort frå det mylderet som Hellesylt sentrum trass alt har om sommaren.

Eg vil på det sterkaste frarå å rive Grand Hotell. Det ville ha vore eit historisk og konseptuelt feilgrep med fatale følgjer for Hellesylt sin identitet og reiselivsutvikling. Eg trur på eit konsept med fornemme salonger, atmosfære og historiefortelling, der friluftsliv, urbanitet og lokalmat kan møtast til ei kulturhistorisk oppleving. Ein stad der ein kan trekkje historiske linjer til moderne turisme – også cruise. Bygg gjerne nytt – ein treng ikkje, og bør ikkje rive Kulturarven ved verdsarvfjorden for det!

I beste mening  
IRIS FIVELSTAD